

M Ø T E B O K

for

KONTROLLUTVALET I HAREID KOMMUNE

MØTETID: 27.02.2014 kl. 08.30 – 10.50

MØTESTAD: Hareid rådhus, Møterom 1

MØTEDELTAKARAR:

Kontrollutvalet: Jarl Helmut Schröder (leiar)
Greta Kirkebø (nestleiar)
Inga Ishild Hareide (medlem)

Vara som møtte: Willy Nettet

Faste medlemer som ikkje møtte: Hallvard Sæverud
Linda Haddal Røssevoll

Vest kontroll: Jostein Støylen (dagleg leiar)

Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS: Bodill Skeide (dagleg leiar/revisjonssjef)
Alf Marius Grønnevik
(forvaltningsrevisor)

Hareid kommune: Rådmann Bent Arild Grytten i sakene 11, 12, delvis sak 10 og
sak 14.
Byggesaksbehandlar Olav Helt Brubakk i sak 14.

Andre som møtte: Ingen

Møtet var leia av: Jarl Helmut Schröder

SAKLISTE

**SAK 11/14 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE.
MØTEPROTOKOLLEN**

**SAK 12/14 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE
MØTE**

**SAK 10/14 FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT –
ØKONOMISTYRING OG BUDSJETTOPPFØLGING I HAREID
KOMMUNE – UTSETT FRÅ FØRRE MØTE**

**SAK 13/14 KONTROLLRAPPORT – ÅRSRAPPORT 2013
SKATTEOPPKREVJARFUNKSJONEN**

SAK 14/14 ORIENTERING VEDKOMANDE EIKENHYTTA

SAK 11/14 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. MØTEPROTOKOLLEN

Samrøystes vedtak:

1. Innkalling og sakliste vert godkjent, med slik tillegg av sak 13 Kontrollrapport – årsrapport skatteoppkrevjarfunksjonen, og sak 14 Orientering om Eikenhytta. Sakene skal behandlast i slik rekkefølge: 11, 12, 10, 13 og 14.
2. Til å skrive under møteboka saman med leiaren vert vald Greta Kirkebø.

SAK 12/14 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE

Samrøystes vedtak:

Møteboka frå møtet den 13.02.14 vert godkjent.

SAK 10/14 FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT – ØKONOMISTYRING OG BUDSJETTOPPFØLGING I HAREID KOMMUNE

Rådmannen var til stades under delar av forhandlingane av sak 10.

Samrøystes innstilling:

1. Kommunestyret tek til vitande forvaltningsrevisjonsprosjektet Økonomistyring og budsjettoppfølgning i Hareid kommune.
2. Kommunestyret vedtek at revisjonen sine anbefalingar, jf. rapporten pkt. 7 side 48, skal fylgjast/utførast.
3. Kontrollutvalet meiner det bør rapporterast tertialvis i staden for kvartalsvis, då dei no har gått over til månadsrapportering til formannskapet.
4. Kommunestyret vedtek at rådmannen rapporterer om status for gjennomføringane av anbefalingane og evt. vidare framdrift til kontrollutvalet innan 17.10.2014.

SAK 13/14 KONTROLLRAPPORT- ÅRSMELDING 2013 SKATTEOPPKREVJARFUNKSJONEN

Samrøystes uttale:

Kontrollutvalet har ingen merknader til Skatteetaten sin kontrollrapport, Skatteoppkrevjaren si årsmelding, Skatterekneskapen og Årsmelding interkommunal arbeidsgivarkontroll for 2013.

Forvaltningsrevisor Grønnevik og revisjonssjef Skeide forlet møtet etter sak 13.

Rådmann og byggesaksbehandlar Brubakk møtte no, til sak 14.

Sak 14/14 ORIENTERING VEDKOMANDE EIKENHYTTA

Rådmann og byggesaksbehandlar Brubakk orienterte vedkomande Eikenhytta. Jf. Kontrollutvalssak 08/14 pkt. 2, der rådmannen opplyste at han vil ta opp med rette

vedkomande at formannskapssak PS 118/13 vert følgt opp, og at han ville gi utfyllande opplysningar i møtet 27.02.2014.

Rådmannen og byggesaksbehandlar ga utfyllande opplysningar. Jf. sak 08/14 pkt. 2 i kontrollutvalet.

Samrøystes vedtak:

1. Kontrollutvalet viser til sak 08/14 pkt. 2, og meiner at formannskapssak PS 118/13 må følgjast opp.
2. Kontrollutvalet meiner at den kommunale saksbehandlingstida har vore alt for lang.

Møtet slutt.

Jarl Schröder

Greta Kirkebø

Møteprotokollen går til:

Kommunestyret som melding
Kontrollutvalet for godkjenning i neste møte